



Terje Båtevik

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/317 - 14/3662

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

21.02.2014

Løyve til etablering av tilkomstveg på gbnr 62/24 Tofting

Administrativt vedtak.

Vedtak

Kommunen gjev løyve til etablering av tilkomstveg fram til fritidsbustad i samsvar med teikningar, kart og skildring mottatt 19.01.2014, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Løyvet omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett og opphør av tidligare ansvarsrett i saka, som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll».

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

Før bruksløyve kan gjevast, må avkjørsel, veg og hovudleidning for vass- og avlaupsanlegg vera opparbeidd, jf. pbl § 18-1.

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har ikkje lengre godkjent ansvarsrett i saka:

JEKO Maskin 942143010	L	SØK Ansvarleg søker T1
	L	PRO Ansvarleg prosjekterande for hele tiltaket T1

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Føretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde
Båtevik Bygg AS 987733071	S	SØK Ansvarleg søker T1 PRO Overordna ansvar for prosjekteringa T1 UTF Overordna ansvar for utførelse T1 Overordna ansvar for kontroll T1

* S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning

Søknaden

Søknaden gjeld etablering av tilkomstveg fram til fritidsbustad. Løyve til etablering av fritidsbustad vart gjeve i 2013.

Nabotilhøve og andre sine kommentarar

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

Plangrunnlag

Eigedomen vert omfatta av kommuneplan for Lindås Kommune vedtatt 22.09.2011.

Tomta er ei del av eit større felt som er sett av til fritidsbusetnad. Tiltaket er i samsvar med planformålet.

Veg og tilkomst

Det er søkt til Statens Vegvesen om løyve til avkjørsle i frå fylkesveg. Dette løyve vart gjeve i fjor, og kopi er sendt til kommunen.

Plassering og høgdeplassering

Tiltaket vert godkjent som omsøkt, jf. pbl § 29-4 tredje ledd.

Høgdeplasseringa vert godkjent i samsvar med innsendte prinsippsskisse, vedlegg E-1, D-1 og F-1 jf pbl § 29-4 første ledd.

Oppsummering og konklusjon

Administrasjonen finn å kunne godkjenne søknad om tilkomstveg til fritidsbustad i samsvar med innsendte teikningar, kart og skildring.

Gebyr

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ.

Skildring	Antal	Beløp
C.5.2s Veganlegg	1	10.000
C.5.32 Godkjenning av ansvarsrett der det ligg føre sentral godkjenning	1	1.050
Totalt gebyr å betala		11.050

Klagerett.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Terje Båtevik